



Elektronisk post

Frå: Avtale og analyse

Til: Hordaland Fylkeskommune - Samferdselsavdelinga, postboks 7900, 5020 BERGEN

Vår ref.: 15/77-87

Arkiv: N - 000

Dato: 15.10.2015

Høyringsuttale frå Kvam herad til høyring om regional transportplan for Hordaland 2018-2029

Kvam heradsstyre har i sitt møte 06.10.2015 gjort vedtak om følgjande høyringsuttale:

Høyringsuttale frå Kvam herad

Det vert vist til høyringsnotat datert 28. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune om framlegg til planprogram for RTP for Hordaland 2018-2029. Høyringsfrist 16. oktober.

Framlegget til planprogram for ny regional transportplan gjev ei systematisk og god oversikt over aktuelle plantema. Kvam heradsstyre vil likevel peika på nokre tema som vil supplera planprogrammet på ein god måte:

- **Ta heile fylket i bruk.**

RTP skal omhandla heile transportsystemet i fylket, inkludert transportformer der ansvar og verkemiddel ligg til andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale. Eit overordna mål er at *«transporttilbodet skal bidra til ei positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar»*.

Kvam herad vil understreka at det er viktig å ta *heile* fylket i bruk.

- **Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til nytt hovudsamband aust/vest.**

På lik linje med det som vert gjort i samband med utbygging av E39 vil Kvam heradsstyre oppfordra fylkeskommunen til å ta inn som plantema i RTP:

«Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til ny prioritering av hovudsamband aust/vest.»



- **Viktige omkøyringsvegar for riksvegar.**

Inndeling av vegnettet i statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå er naturleg, men kan gje utilsikta verknader. Vegar plassert på feil nivå kan lett falla «*mellom to stolar*». Heradsstyret vil i denne samanheng peika på viktige omkøyringsvegar for riksvegnettet, til dømes Fv7 som nødvendig omkøyringsveg for E16. Kvam heradsstyre oppfordrar fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

- **Skredsikring.**

Hardanger er eit skredutsett område og Fv7 er ei livsnerve inn og ut av området, men også Fv49 er viktig for sikker transport og betydeleg næringsaktivitet på denne strekninga.

Det er viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan. I planen må det vera eit mål å synleggjera det samla behovet for skredsikring i Hordaland.

- **Prioritering av fylkesvegar som ikkje er del av overordna fylkesvegnett.**

Fylkesvegnettet er delt i to, overordna og andre fylkesvegnett. Vegar klassifisert som andre fylkesvegnett kan vera viktige for utvikling i ein kommune, men ha låg prioritet frå fylket. Utvikling av nye bustad- eller næringsareal kan på denne måten verta «*låst inne*» fordi ein veg ikkje vert rusta opp, og positiv verdiskaping kan gå tapt. Kvam heradsstyre vil oppfordra fylkeskommunen til å gjera dette til eit eige tema i planen.

- **Gang- og sykkelveg gjennom tettstadar – utvida bruk av sykkel med el-syklar.**

Kvam heradsstyre viser til tema «*5.1.7 Sykkel og gange*» og til at «*Sykkelstrategi for Bergen og Gåbyen Bergen*» skal liggja til grunn for sykkel- og gangtiltak i tettstadar i fylket. Gang- og sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen. Kvam heradsstyre vil i den samanheng peika på at el-syklar og tilrettelegging for sykkelveg i nye/eksisterande tunnelar som to faktorar som kan utvida dei naturlege grensene for tettstadar og knyta bygder saman.



- **Trafikksikring av store utfarts- og hytteområde.**

Hordaland har fleire store utfartsområde for rekreasjon. Med dagens biltrafikk er risikoen for ulukker stor. Kvam heradsstyre ber om at det i RTP'en vert sett fokus på desse utfordringane og heradsstyre vil i denne samanheng nemna Kvamskogen.

- **Kollektivtransport mellom regionscenter og Bergen – knyta regionane saman.**

Eit robust og effektivt kollektivnett mellom regionane i Hordaland vil leggja grunnlag for samhandling og vekst. Perspektivet på kollektivsatsinga må vera at heile fylket vert teke i bruk. Kollektivtransport koordinert med reiselivskorridorar vil styrkja grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett.

- **Ferjesamband.**

Tilbodet på ferjesambandet Jondal- Tørvikbygd er i dag ikkje tilfredsstillande verken med tanke på kapasitet eller rutetider. Kvam herad oppmodar om at dette vert følgd opp i planen. Sambandet passar godt for o- og lågutsleppsferjer. Ein ber om at dette vert prioritert.

Administrativ rådgjevar
Kari Weltzien Vik